

# MEDDELELSER

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 2.

April 1932

30te årgang.

---

Redigert av Det Norske Myrselskap ved sekretær, torvingeniør A. Ording.

---

### LITT OM VÅRARBEIDET OG VAL AV PLANTE- SLAG M. V. PÅ MYRJORD

*Av myrkonsulent Hans Hagerup.*

**N**O når våronna står for døra, kann det påkalla nokon interesse å segja litt om vårarbeid på myrjord og ymse anna som står i samband med det. Sola vert sterkare med kvart, og snø og is kverv smått i senn, so snart er våronna igang på myrjorda ymse stader.

Det meste av den dyrka myrjorda ligg vel til eng eller til beite, og då er vårstellet ganske enkelt. Myrenga må ein gjødsle til kvart år. So snart snøen og isen er gått burt om våren, og det ikkje er noko flaumvatn som kann vaske med seg gjødsla, bør mineralgjødsla — fosforsyra og kali — såast ut. Vert mineralgjødsla utsådd med gjødselspreidar, er det godt å koma iveg med gjødselspreidinga, medan telen sit i op i overflata, for denne held både hest og maskin godt oppe, og engbotnen vert lite skadd av bestefoten og maskina. Er telen gått undan noko, vert enga lettare skadd under kjøringa, og ein bør då helst venta til det er turka noko. Fyrste års eng toler mindre trakk enn eldre eng, og her kann det vera rettast å så ut gjødsla med hand, for ikkje å skada engbotnen.

Kvævegjødsla vert som regel utsådd når enga er vorte grøen og plantarne står ferdige til å nytta ho. Det gjeld salpetergjødsla, Odda kalkkvæve bør såast ut saman med mineralgjødsla, men elles høver ikkje den til eng på myrjord so godt som salpeter. Utsånga av salpeter må ein elles stella ettersom nedburden er på fyresomaren på staden. Er det turr fyresumar, so må den og tidlegare ut, enn der det er mykje regn utover våren og fyresomaren.

På so flatt lende som myrjord, kann det inntreffa «isbrand», serleg når det ikkje er planera godt og enga er svert snau frå hausten av. Isbrandflekker må ein så i frø, etter fyrst å ha raka op lausjord med jarnrive. Er det større flekkjer som er snaue, anten på grunn av isbrand eller ved at dekkveksten ved attlegget kann ha røyta ut frøet, so kann ein harve op lausjord. I dette tilfelle kann ein gjerne bruke ein dekkvekst til frøet, og dersom myra er noko laus, kann ei radsåmaskin med labbar rota op jord nokk til dekkjing av frøet. I alle høve må ein ikkje late slike flekkjer liggja snaue for plantevekst. Lat alt arealet vera produktivt.

Skal ein ha åker på myrjord, bør jorda vera haustpløgd. Telen sit lenge i myra og hindrar pløggjinga om våren, so åkeren kann ikkje verta ferdig til såings i rett tid. Skal ein venta med å så til telen er gått ut or myra, kann det i mange år verta so lenge å venta, at å få nokon kornavling, er det lita von om.

Der det er slikt klima at det vert noko tele i myra, må ein gjera seg nytte av den ved harvinga om våren. Ved harving på telen vil ein få betre smuldring av jorda, enn om ein skulde venta til telen var gått. Denne held og hestarne godt oppe under arbeidinga. Når det er gått 2—3 tumar av telen på vollpløgsle, bør ein take til å «skrape» på telen. Etterkvart som telen går undan, kann ein skrape laust eit nytt lag og soleis få nokk lausjord. Etter vår røynsle ved Myrselskapets forsøksgard er ei *kvass fjørharv* den beste til arbeidet i dette høve. Og når det gjeld å få ei endå betre smuldring av lauslaget, gjer *valsehorva* godt arbeid, når telen er gått noko meire undan. Desse reidskapene høver godt både på gras- og mosemyr. Er telen gått noko langt undan, må ein vera varsam so ein ikkje set fjørharva for djupt, det vil då lett verta mykje klump. Ein ser ofte at dette vert gjort.

Sår ein ut mineralgjødsla på åker med maskin, må ein ogso her passe på å gjera dette medan telen ikkje er gått for langt undan, maskina vert elles tung for hesten, då ho søkk so nedi.

Skålhorva er og brukt på myrjord, men ved Forsøks garden har ho gått av bruk. Ho er tung for to hest, og det må vera optint ganske mykje, skal ho gjera godt arbeid. I dei siste åra har *Hankmohorva*, ei knivrullehorv, vorte kjennt som eit godt reidskap til å arbeida jorda med. Skal ho gjera godt arbeid på myrjord, må det vera optint meire enn når ein brukar fjørhorva. Ho skjer og smuldrar til større djup, og eignar seg godt til arbeid på rotvekstlandet. Er myra torvut, smuldrar ho og knusar torva ganske godt; men for finsmuldring må valsehorva brukast. Hankmohorva er tung til hestarne.

Som anna jord kann og myrjorda verta for turr. Det gjeld om å få godt samband mellom undergrunnen og ploglaget, slik at væte kann sugast like op i overflata frå undergrunnen. Visstnokk er det so at myrjorda er ei våt jord og held godt på væta; men ho må og innehalda ei større mengd vatn fyrr kulturplantarne kann få noko for seg. Myrjorda skal pakkast saman med tung rull, men tyngre rullar er det vel dei færraste som har, ein må då gjera den vanlege åkerrullen noko tyngre på eitkvart viset, t ein må då gjera den vanlege åkerrullen noko tyngre på eitkvart viset, (t.d. kassar med stein sett på rullen). Det vanlege er vel at rullinga vert gjort etter sånaden. Men vi har dei seinare år gått over til å rulla med den tunge rullen nett fyre såinga; dette av fleire grunnar. Når ein kjem med den tunge rullen på tilsådd åker, vil det verta store og djupe hol etter hestebeina, og er åkeren atlagd, vil desse hol verta ståande i enga, ofte utan nokon plantevekst. Kjem ein med radsåinga etter det er rulla, vil desse hol tiljamnast ganske godt og engbotnen verta betre. Ved å rulla med ein lettare rull seinare, fær ein jorda godt tiljamna. Ved såing med radsåmaskin på grasmyra, vil denne, serleg når telen er gått langt undan

og myra er noko molda, søkka for djupt nedi, og kornet koma for djupt. Dette kann ein ikkje alltid regulera med maskina. I dette høve har vi fått lagt ein ekstra felg på vår maskin, slik at hjulringen vert dubbelt so breid, då held maskina seg godt oppe, og sådjupet kann regulerast. Ved rulling fyre såinga hjelper det og noko på at ikkje kornet kjem for djupt. Ved å radså etter ei slik rulling, fær ein og i nokon grad eit laust jordlag over kornet, då såmaskina riv laust noko av den samanpakka jorda, og dette lause jordlaget hindrar i nokon munn utturking av laget under. Best til såing er dei maskinor med sålabbar.

Ugraskampen vert å driva på myrjord som på anna jord, og skal difor ikkje koma inn på denne her.

Kva planteslag og sortar ein skal velja på myrjord, avheng av klima og myrslag o.s.b. For all myr gjeld det at den er meire frostkjennt enn anna jord, og alt etter som denne kann gjera meire eller mindre av seg i vekstida, må plantevalet gjerast.

Som fyrr nemt ligg vel den største parten av den dyrka myra atlagt til eng eller beite. Til eng i strok med variable vintrar, har timoteien som regel gjeve høgste avling og halde seg godt når det ikkje vert beita for sterkt om hausten, og ein hugsar å gjødsla kvart år. 3 kg. pr. mål er nokk av frø med god spireevne.

Der vintrane er meire stabil, kann kløver i bl. med timotei gje noko høgare avling dei 2 fyrste engåra, men han bør ikkje utgjera meir enn ca. 20 pct. av utseden på grasmyr. Ein kann bruka halvparten raudkløver og halvparten alsikekløver. Kløver er usikker på grasmyr. På sandkjørt mosemyr held han seg betre, og her kann ein bruka 2 à 2,5 kg. timotei og 1 kg. raud- og alsikekløver. I kyststroka med mildare verlag og med lengre beitingstid enn inne i landet, kann det vera på sin plass å så noko hundegras saman med timoteien, då det kjem fort att etter slått; men elles høver det ikkje serleg godt saman med timotei til slåtteng, då dei ikkje er ferdig til slått til same tid. Der enga skal vara noko lengre tid og beiting vert dreve kvar haust på enga, kann det vera rett å gje vederlag for noko av timoteien med engrapp t.d. 0,5 kg. pr. mål, serleg i innlandsstrok. Elles kjem engrapp ganske fort inn, når enga vert noko eldre. På myr i simplare kultur eller ligg høgt over havet eller langt mot nord, vil engrevehale vera å tilrå, då denne vert ferdig tilslått på stutt tid. 4 kg. pr. mål. Vert revehalen ståande for lenge kjem det lett rust på han, og høyet vert av dårleg kvalitet.

Skal ein ta mogen kornavling på myrjord, må ein velja dei tidlege slaga på grunn av den stutte frostfrie vekstida ein som regel har her. Av byggslag har *Maskin-* og *Dønnesbygg* stått ganske likt i avling. Maskinbygg er noko stråstivare, og det har sitt verd, når det vert lagt att til eng i bygg. *Asplundbygg* er noko seinare, men er like stråstivt som Maskin, og er det noko lang frostfri veksttid, som står til råds, må ein helst velja dette byggslag. Det gjev som regel noko større avling, og det er mindre utsett for «mjølauke» enn dei andre byggslag som vert dyrka på myr. Å vaska såbygget i  $\frac{1}{4}$  % germisanløyising i  $\frac{1}{2}$  time er godt både mot sjukdom på bygget, og for god spiring. Såmengd 16—18 kg. pr. mål.

Av havre må ein og velja dei tidlege slag, dersom dei skal stå til mogning. *Perle* er stråstiv, men noko i seinaste laget. *Nidar* er tidlegare, men denne er mjuk i strået. På sandkjørt mosemyr bør ein bruka havre dersom ein vil ta mogen kornavling, og ikkje bygg. Såmengd for havre som for bygg av vanleg god såvare.

Korn som skal vera til mogning, må ein ikkje vera redd å så tidleg, og slett ikkje redd for å så på telen. Vi har i vanlege år sådd omkring 1. mai, gjerne og tidlegare, når året har tillete det, og då kann det vera optint 10—12 cm. av telen. Skulde vi i år med djup tele venta til denne var gått, kunde ein gjerne lata vera å tenkja på å få moge korn, dersom det ikkje vart serleg godt med varme. Tidleg sånad gjev tidlegare mognad, og ein fær som regel betre turk av loa, betre kornkvalitet, mindre halm.

Til grønfôr høver havre og grærter godt saman. Seine havreslag gjev største grønfôravling, og med havre saman med erter vil som regel avlingen verta noko større, enn havre sådd åleine. På grasmyr høver ei blanding av 18 kg. havre + 6 kg. grærter, på mosemyr 14 kg. havre + 10 kg. grærter pr. mål.

Av nepeslaga har *Fynsk bortfelder* og *Østersundom* av langnepene gjenomgåande gjeve største rotavling og avling f.e. pr. mål. *Kvit mainepe* har stått fremst når det gjeld turremneavling pr. mål i røter, og står jamt med dei to nemde i fôrverde, når både røter og blad vert rekna saman. *Østersundom* og *Kvit mainepe* er tidlegast. Ein må vera varsam å ikkje så nepa for tidleg i kald jord, det vil då lett verta mykje stokklauparar, som nedsett avlingen. Mindst utsett for stokklauping har Dales hybrid vore. Men på den andre sida må ein heller ikkje vera for sein med såinga av nepa, når jorda er bra opvarma; då vil avlingen verta mindre.

*Kålrot* bør ein ikkje så på myrjord, iallefall har vi på Mæresmyra vore mykje utsett for åtak av kålflugelarva på røterne.

Derimot er *gulrot* ein vekst, som høver godt på grasmyr, og gjev god avlingar. Denne kann ein trygt så tidleg utan å frygta for stokklauping. Vi har aldri vore utsett for at gulrotfluga har skadd noko. Gode sortar er halvlang *Nantes*, *Chantenay*, *Guerande* og *Amsterdammer*.

Tilslutt litt om gjødslinga.

I tider som no, med låge og nedgåande priser på jordbruksprodukter, er det freistande å bruka lite av kunstgjødsel for å spara kontanter, og det er lett forståeleg. Ja enkelte vil kanskje heilt late vera å bruka noko. Men det vil straffa seg sjølv, og serleg når det gjeld myrjord som ikkje har noko nemnande naturleg forråd å tære på. Midlare kunstgjødselmengder bør ein bruka på jord som har vore i jamn god drift.

*Til eng grønfôr og åker*: 15—20 kg. superfosfat, 20—30 kg. 40 % kali-salt, 0—20 kg. kalksalpeter. Kvævemengda er verst å avgjera, serleg på grasmyra. Er ho godt molda, trengs ikkje kvæve. Di betre ein kann skilja dei enkelte plantedelar i myra, di mindre molda er ho og di større trong er det til kvæve. Slær kløveren godt til i enga, utgjer t.d. 30—40 %, bør ein

heller ikkje bruka kvæve. Men er det omlag reine grasslag og myra er lite molda, kann ein bruka største mengda, og ein vil få godt utslag.

Til *nepor, kål og gulrot*: Full kunstgjødsling: 30—40 kg. superfosfat, 50—60 kg. 40 % kalisalt, 0—40 kg. salpeter. Salpeter bør ein gje i 2 delingar, ved såing og ved tynning. Halv husdyrgjødsling: 10—15 lass husdyrgjødsling, 20 kg. superfosfat, 20 kg. 40 % kalisalt, 0—20 kg. kalksalpeter.

Til gulrot bør ein bruka berre kunstgjødsling.

Mære i mars 1932.

## SAMANLIKNING

millom ulike mengder fosforsyre- og kaligjødsling fyrste året på nydyrka grasmyr, og prøving av etterverknaden av desse, og korleis har ulik sterk kvævegjødsling verka fyrste året og dei 8 etterfylgjande år?

Ved myrkonsulent *Hans Hagerup*.

DET er ofte framhalde kor naudsynlegt det er å gjødsla noko sterkare med mineralgjødsling — serleg med fosforsyra — på nydyrka myr fyrste året. Prof. *Jon Lende-Njå* har skreve om dette i eit par utgreidingar,\* og at denne grunnkjødslinga må falla saman med den økonomiske grensa for gjødslinga.

I forsøket som her skal omtalast er teke med fleire mengder av fosforsyra og kali, for nærmare å granska spursmålet, og etterverknaden av dei er prøvd både direkte og indirekte.

Forsøket vart lagt i 1916 og har gått til og med 1924. Jorda som forsøket vart lagt på, var ei mindre godt molda grasmyr. Prøvor av myra til analyse vart utteke 1924, og desse er analysert ved Statens kjemiske kontrollstasjon i Trondheim. Prøvorne er teke på ugjødsla rutor, men vil etter so lang tid etter dyrkinga vera bra molda, som og analysen viser. Innhaldet var fylgjande:

	Prøve I		Prøve II	
	Pct.	Kg. pr. da. til 20 cm. djup	Pct.	Kg. pr. da. til 20 cm. dju)
Kvæve (N) . . . . .	2,69	675	3,17	992
Fosforsyra (P <sup>2</sup> O <sup>5</sup> ) . . . . .	0,17	42	0,18	52
Kali (K <sup>2</sup> O) . . . . .	0,05	13	0,06	19
Kalk (CaO) . . . . .	1,40	350	1,98	580
Aske . . . . .	9,46		9,42	

\*) »Luksusbruk av fosforsyra og kali.»

»Samanlikning millom sterkare og svakare gjødsling i. år på nydyrka myr«, i beretning for 1915.